



STATENS VEGVESEN

Postboks 1010 Nordre Ål

2605 LILLEHAMMER

Saksbehandlar, innvalstelefon

Magne Nesse, 5557 2335

Endra løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsverksemd i samband med bygging av E134 Røldalstunnelen for Statens vegvesen i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren gjev Statens vegvesen løyve etter forureiningslova til utslepp av reinsa tunnel- og anleggsvatn frå anleggsarbeid i samband med byggetrinn 1 av E134 Røldal-Seljestad.

Tunnel- og anleggsvatn skal reinsast før utslepp. Utsleppet skal gå til Storelva, Storelva Bekkefelt, Histeinselva og Seljestadelva.

Løyvet er gjeve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16. Vilkår for løyvet følger vedlagt.

Vi viser til endringssøknad frå Statens vegvesen datert 22. august 2024, vedtak i Ullensvang kommune om endring av reguleringsplan for E134 Røldalstunnelen datert 5. mars 2025, e-post frå Statens vegvesen 2. april 2024 og andre opplysningar som kom fram under handsaminga av søknaden.

1. Vedtak og fristar

1.1 Vedtak om løyve etter forureiningslova § 11

Statsforvaltaren i Vestland endrar Statens vegvesen løyve til utslepp av anleggsvatn frå byggetrinn 1 av E134 Røldal-Seljestad Ullensvang kommune. Løyvet er heimla i forureiningslova § 11, jf. § 16. Endringa er heimla i § 18. Løyvet er gjeve på spesifikke vilkår som er lista opp i eige vedlegg. Statsforvaltaren har i avgjerda lagt vekt på dei forureiningsmessige ulemper ved tiltaket jamført med dei fordeler og ulemper som tiltaket dessutan vil medføre. Statsforvaltaren har regulert dei forholda som er vurdert til å ha dei mest alvorlege miljømessige konsekvensane.

I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova, med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda, viser vi til heimesida til Miljødirektoratet www.miljodirektoratet.no.

Løyvets vilkår følger vedlagt dette brevet.

1.2 Vedtak om gebyr for sakshandsaming

Statsforvaltaren tar gebyr for arbeid med løyve og kontroll etter forureiningslova. På bakgrunn av vår ressursbruk i saka, tek vi gebyr etter sats 6, 45 600 kroner, for handsaming av søknaden, jf. forureiningsforskrifta §§ 39-3 og 39-4. Faktura vert sendt frå Miljødirektoratet. Sjå forureiningsforskrifta kapittel 39 for å lese meir om sakshandsamingsgebyret.

2. Om søknaden


2.1 Beskriving av endringa

Statens vegvesen fekk 8. november 2023 løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsarbeid i samband med ny E134 Røldal-Seljestad. Løyvet omfattar byggetrinn 1, der det skal drivast eit løp (2 felt) av Røldalstunnelen mellom Liamyrane og Seljestad.

Prosjektet omfattar;

- 1,2 km veg i dagen på Seljestad
- Røldalstunnelen på 12,7 km
- 1,7 km veg i dagen på Liamyrane

Røldalstunnelen skal byggjast med tunnelprofil T9,5 (9,5 m bredde). Det er lagt til rette for at driving av tunnelen vil skje frå Hesjabakk i vest og Liamyrane i aust samstundes.



Figur 1. Kart med tunneltrasé.


Utsprengde tunnelmassar er estimert til ca. 1 100 000 fm³ (fm³ = faste massar). Tunnelmassane skal nyttast på Seljestad (deponi, 420 000 m³), Hesjabakk (parkeringsplass, 10 000 m³) og Liamyrane (vegfylling, 700 000 m³). Den endra reguleringsplanen, vedteken 5. mars 2025, inneberer at deponiet




på Seljestad aukar volumet frå 420 000 m³ til 600 000 m³. Det auka volumet vil skje i høgda, så det legg ikkje beslag på større areal, som er 65 daa.

Aukinga i deponivolum på Seljestad kjem frå Statens vegvesen sitt ynskje om å redusera klima- og miljøavtrykket som vil følgje av å transportere tunnelmassar frå nordsida av tunnelprosjektet til det sørlege deponiet på Liamyrane i Røldal, slik planen var opprinneleg.

Dei mange høgdemetera og den betydelege køyrestrekninga mellom dei to deponiområda vil medføre stor dekkslitasje (mikroplast), store utslepp av klimagassar, auka fare for trafikkulukker og redusert trafikkflyt, samt auka risiko for utslepp av petroleumsprodukt (søl av m.a. diesel, motor- og hydraulikkolje) dersom dei aktuelle 180 000 m³ skulle deponerast på Liamyrane.



Figur 2 Planteikning deponi Seljestad - blå strekar viser grøfter som leier vatn mot sedimenteringsanlegg på austsida av deponiet



Figur 3 Profil av deponi Seljestad

Deponiet på Seljestad, som no er utvida i volum og i høgda, vil ha avrenning mot Hinsteinelva som renn nedover Løyningsdalen. For å sikre vassdraget mot forureiningar (borestøv, nitrogenforbindelser m.m.) vil alt overflatevatn frå deponiet reinsast. Statsforvaltar har sett



reinsekrav i gjeldande løyve som vert vidareført i dette løyvet. Reinseanlegga skal oppdimensjonerast slik at dei er tilpassa auka deponivolum.

3. Høyring

Statsforvaltaren handsamar søknader om løyve etter forureiningslova i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 36. Vi vurderer at endringa av løyvet vil vere av mindre miljømessig betydning, og har difor ikkje førehandsvarsla søknaden, med heimel i forureiningsforskrifta § 36-9.

4. Rettsleg grunnlag

4.1 Forureiningslova

Forureiningslova § 18 gjev heimel til å endre løyver.

Når vi skal avgjere om endra løyve skal givast og fastsetje vilkår for gjennomføring av anleggsarbeida (avbøtande tiltak), skal vi leggje vekt på dei forureiningsmessige ulempene ved tiltaket, samanhalde med dei fordelane og ulempene tiltaket elles vil medføre. Prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 skal leggjast til grunn som rettesnor for vedtaka våre.

4.2 Avgrensing mot plan- og bygningslova og anna lovverk

Statsforvaltaren kan ikkje gje løyve etter forureiningslova § 11 dersom dette er i strid med endelege planer etter plan- og bygningslova. Arbeidet skal utførast i samsvar med nyleg endra reguleringsplan: PlanID: 12282016004 Reguleringsplan for E134 Vågsli – Seljestad. Parsell Røldalstunnelen – Seljestad.

Reguleringsføresegnene har miljøkrav for delar av anleggsarbeida som også er omfatta av dette løyvet, bl.a. utforming og avslutting av massedeponia samt bruk av massedeponia til mellomlagring av massar som oppstår i prosjektet (føresegn § 2.8 og § 3.4.4). *"Deponiområdet skal tilbakeførast til utmarksterreng og revegeterast med stadeigen vegetasjon. Ved utlegging av nytt vegetasjonsdekke skal stadeigne massar nyttast."*

Det er i reguleringsføresegn § 2.7 gjeve juridisk bindande reglar om handtering av støy frå anleggsarbeida, slik at støy frå arbeida vert handtert av planstyresmakta i samsvar med retningsline T-1442¹. Unntaket er støy frå knuse- eller sorteringsverk som vert nytta på anleggsområdet, der er Statsforvaltar støystyresmakt etter reglane i forureiningsforskrifta kapittel 30².

Det same vil gjelde miljøkrav i Ullensvang kommune si godkjenning av "tiltaksplan forureina grunn"³ når det vedtaket føreligg. Prosjektet har ikkje sendt søknad til kommunen enno i følgje våre opplysningar. Godkjenningsvedtaket vil bla. gje reglar for mellomlagring og gjenbruk av reine og forureina gravemassar som oppstår i prosjektet.

¹ Retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, Klima- og miljødepartementet 2021

² Forurensninger fra produksjon av pukk, grus, sand og singel – kapittel 30.

³ Kommunane er styresmakt for forureina grunn etter reglane i forureiningsforskrifta kapittel 2 "oppdydding i forurenset grunn ved bygge- og gravearbeider"



4.3 Forureina botnrenskmassar

Statens vegvesen har søkt om løyve til å plassere forureina botnrenskmassar⁴ i vegkropp og deponi. Det er estimert at inntil 60 000 m³ av botnrenskmassane truleg kan verta forureina og at forureininga kan være opp i tilstandsklasse 4. Massane skal så sorterast i tre fraksjonar, der 0 – 22 mm går til deponi og dei to andre fraksjonane (22 – 120 og > 120 mm) vert brukt i vegbygging. Det er søkt om at 18 000 m³ av slike massar kan plasserast i deponiet på Liamyrane og ca. 42 000 m³ kan plasserast i vegkroppen

Overskotsmassar frå sprenging av tunnelar (bl.a. botnrenskmassar) er definert som næringsavfall, jf. forureiningslova § 32. Hovudregelen i § 32 første ledd er at næringsavfall skal bringast til lovleg mottak eller gjennomgå gjenvinning. Miljødirektoratet kan etter § 32 andre ledd gje lov til anna bruk, for eksempel legge massar i deponi slik Statens vegvesen ynskjer i dette prosjektet. Vi gav ikkje løyve til dette i løyvet frå 2023 då vi ikkje var styresmakt og gjer det heller ikkje i denne endringa.

Statsforvaltar søkte om å få delegert styresmakt for denne saka etter anmodning frå Statens vegvesen og fekk det i vedtak 1. august 2024. Miljødirektoratet har etter den tid teke opp at ulike statsforvaltarar ikkje har handsama delegert styresmakt rett, knytt til slike løyver og vi har skrevet til Miljødirektoratet at i denne saka så må dei ta tilbake styresmakta og handtere søknaden frå Statens vegvesen.

5. Vår vurdering av søknaden

Statsforvaltaren vurderer at søknaden med tilhøyrande dokumentasjon er i samsvar med forureiningsforskrifta § 36-2 sine krav til innhald i søknader om løyve etter forureiningsforskrifta.

Vi opprettheld vilkåra frå det opprinnelege løyvet, men krev at reinseløysningane for Seljestaddeponiet vert oppdimensjonert slik at reinseløysningane overheld utsleppsgrensene. Vi krev også at detaljert informasjon om dimensjonering, verkemåte og driftsrutinar vert sendt oss når dette er ferdig. Nedanfor er sitat frå første løyvet:

"Avrenning frå deponiområda for reine massar skal fangast opp, og sedimenterast før utslepp til resipient. Det er i søknaden føreslått metodar for inndeling av deponiområda slik at vasshandtering reduserast. I tillegg er det føreslått at det skal etablerast barriere slik at vatnet kan sedimenterast internt i deponiet før det blir leia til reinseløysningar nedstraums. Reinseløysningane skal prosjekterast slik at det er mogleg å ta prøver av reinsa vatn ved utslepp av reinseløysningane.

Statsforvaltaren setter ikkje krav for utforming eller type reinseløysning frå deponiområder (inkl. vegfyllingar og utfylling for parkering), men setter vilkår for at valt reinseløysningar og dimensjonering av sedimenteringsløysingane gjer at utsleppet tilfredsstiller grenseverdiane gitt i utsleppsløyvet."

Vi har i det endra løyve teke med ei rekkje nye vilkår for drift av massedeponia. Dette var ikkje ein del av søknaden. Vi nyttar no dette som "standardvilkår" for etablering, drift og avslutning av slike massedeponi i samferdselsprosjekt, der massedeponia er godkjend etter plan – og bygningslova.

⁴ Botnrenskmassar er tunnelstein knust i fraksjonar og nytta som køyreveg under anleggsdrifta i tunnelen og som vert fjerna når vegen skal etablerast.



Dette er ei mindre endring, så Statsforvaltaren si vurdering av tiltaket etter naturmangfaldlova og vassforskrifta, gitt i vårt vedtak 8. november 2023, gjeld òg for denne endringa.

6. Endring og omgjerung

Vi vil påpeike at all forureining frå verksemda isolert sett er uønskt. Sjølv om utsleppa er innanfor dei fastsette grensene, pliktar verksemda å redusere utsleppa så langt som mogleg utan urimelege kostnader. Det same gjeld utslepp av komponentar det ikkje er satt grenser for gjennom særskilte vilkår.

Verksemda er pliktig til å unngå unødvendig forureining, jf. forureiningslova § 7. Viser det seg at forureiningsforholda endrar seg, kan Statsforvaltaren med heimel i forureiningslova § 18 endre vilkåra i løyvet og setje nye vilkår, og om nødvendig trekkje løyvet tilbake. Endringar skal vere basert på skriftleg sakshandsaming og ei forsvarleg utgreiing av saka. Ein endringssøknad må difor sendast i god tid før ei eventuell endring kan gjennomførast.

At vi har gjeve løyve til forureining fritar ikkje erstatningsansvar for skade, ulemper eller tap som forureininga har ført til, jf. forureiningslova § 56. I tillegg til dei krava som følgjer av løyvet, pliktar verksemda å overhalde forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter. Nokre av forskriftene er nemnde i løyvet. For informasjon om andre reglar som kan vere aktuelle for verksemda viser vi til heimesida til Miljødirektoratet, www.miljodirektoratet.no. Brot på løyvet er straffbart etter forureiningslova §§ 78 og 79.

Brot på krav som følgjer direkte av forureiningslova og produktkontrolllova med tilhøyrande forskrifter er òg straffbart.

7. Rett til å klage

Partane involvert i saka og andre med særleg interesse kan klage innan tre veker frå verksemda har mottatt dette brevet, jf. forvaltningslova § 28. I ein eventuell klage skal det gå klart fram kva klagen gjeld, og kva endringar ein ønskjer. Klagen bør vere grunngjeven og skal sendast til Statsforvaltaren i Vestland. Klageinstans er Miljødirektoratet.

Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at gjennomføringa av vedtaket blir utsett. Statsforvaltaren eller Miljødirektoratet kan etter oppmoding, eller på eige initiativ, avgjere at vedtaket ikkje skal gjennomførast før klagefristen er ute eller klagen er avgjort. Ei slik avgjerd kan det ikkje klagast på.

De kan også klage på vedtaket om gebyrsats, jf. forureiningsforskrifta § 41-5. Ein eventuell klage skal vere grunngjeve, og han må sendast til Statsforvaltaren i Vestland innan tre veker. Ein eventuell klage fører ikkje automatisk til at vedtaket blir utsett. Verksemda må difor betale det fastsette gebyret. Dersom Miljødirektoratet godtar klagen, vil overskotsbeløpet verte refundert.

Med helsing

Sissel Storebø
seksjonsleiar

Magne Nesse
senioringeniør



Dokumentet er elektronisk godkjent

Vedlegg: Løyvets vilkår

Kopi til:

Ullensvang kommune

Opheimsgt. 31

5750

ODDA



Endring av løyve etter forureiningslova til utslepp frå anleggsverksemd i samband med bygging av E134 Røldalstunnelen for Statens vegvesen i Ullensvang kommune

Statsforvaltaren gir Statens vegvesen løyve med heimel i forureiningslova § 11, jf. § 16 og endret i medhold av § 18. Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 24. april 2023, endringssøknad datert 22. august 2024, og andre opplysningar som kom fram under sakshandsaminga. Løyvet gjeld frå dags dato og fram til anleggsarbeida er avslutta. [Endringar er skriven med blå skrift.](#)

Dersom de ønskjer endringar utover det som er opplyst i søknaden eller under sakshandsaminga og som kan ha miljømessig betyding, må de på førehand avklare dette skifteleg med Statsforvaltaren.

Dersom heile eller vesentlege delar av løyvet ikkje er teke i bruk innan fem år skal de sende melding til Statsforvaltaren om forventa oppstart, status i prosjektet med beskriving av eventuelle endringar som endrar risiko for forureining og evt. behov for endra avbøtande tiltak. Statsforvaltaren vil då vurdere behov for eventuelle endringar i løyvet og om endring av løyvet krev ny søknadsrunde.

Data om verksemda

Bedrift	Statens vegvesen
Postadresse	Postboks 1010 Nordre Ål
Besøksadresse	2605 Lillehammer
Organisasjonsnummer/ eigd av	971 032 081

Statsforvaltaren sine referansar

Løyvenummer	Anleggsnummer
2023.0895.T	4618.0173.01 Utslepp tunneldrivevatn Liamyrane 4618.0171.01 Utslepp tunneldrivevatn Hesjabakk 4618.0172.01 Deponi Seljestad
Arkivnummer	2023/6328

Løyve gitt første gong: 8. november 2023	Endringsnummer:1	Løyve sist endra: 20. mai 2025
Sissel Storebø seksjonsleiar	Magne Nesse senioringeniør	

Dokumentet er godkjent elektronisk

**Endringslogg**

Endringsnummer	Endringsdato	Vilkår og omtale om endring
1	20. mai 2025	6.1 – 6.5 vilkår for drift av massedeponia



Innhald

1	Rammevilkår	5
1.1	Omfang	5
1.2	Varsel om oppstart	5
2	Generelle vilkår	5
2.1	Utsleppsavgrensingar	5
2.2	Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg	5
2.3	Plikt til førebyggjande vedlikehald	5
2.4	Tiltak ved auka forureiningsfare	5
2.5	Miljøriskovurdering av anleggsarbeida	6
2.6	Ansvar	6
2.7	Erstatningsansvar	6
2.8	Sakshandsaming etter anna lovverk	6
3	Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining	6
3.1	Internkontroll	6
3.2	Beredskapsplan	7
3.3	Varsling om akutt forureining	7
4	Utslepp til vatn	7
4.1	Reinsing av utslepp	7
4.2	Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg	7
4.3	Utslepp av tunnelvatn, anleggsvatn og avrenning frå deponiområder	8
5	Utsleppskontroll	9
5.1	Reinsing av utslepp	9
6	Særskilte vilkår for etablering av massedeponi på Seljestad og veganlegg på Liamyrane	9
6.1	Generelt	9
6.2	Massar som kan plasserast i deponi og veganlegg	10
6.3	Mottakskontroll	10
6.4		10
6.5	Oppfylling, drift og avslutting av massedeponi	11
7	Kjemikal	11
8	Avfall	11
8.1	Generelle krav	11
8.2	Handtering av farleg avfall	11
8.3	Handtering av slam frå reinseanlegg	12
8.4	Plast	12
9	Kontroll- og overvåkingsplan	12



9.1	Plan for kontroll og overvaking	12
9.2	Førebyggjande tiltak.....	12
9.3	Overvaking i samsvar med vassforskrifta	12
10	Rapportering og dokumentasjon.....	13
10.1	Rapportering før oppstart	13
10.2	Årsrapport	13
10.3	Sluttrapport.....	13
11	Tilsyn	14



1 Rammevilkår

1.1 Omfang

Løyvet omfattar utslepp av reinsa tunnel- og anleggsvatn frå anleggsfasen ved etableringa av E134 Røldalstunnelen og deponiområder i Ullensvang kommune.

Det omsøkte tiltaket omfattar utslepp og/eller diffus avrenning frå:

- Dagsonearbeider
- Tunneldriving
- Rigg- og anleggsområde
- Deponiområder for reine massar

Statsforvaltaren legg til grunn at tiltaka skal gjennomførast som nemnt i søknad av 24. april 2022 og endringssøknad av 22. august 2024 med mindre anna er avtala med Statsforvaltaren.

1.2 Varsel om oppstart

Statsforvaltaren skal varslast om oppstart av dei ulike delane av anleggsarbeidet seinast ei veke før anleggsarbeida startar. Det kan varslast med ein e-post til sfvlpost@statsforvalteren.no.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Dei utsleppskomponentane frå verksemda som er forventa å ha størst verknad på miljøet, er uttrykkeleg regulerte gjennom spesifikke vilkår i dette løyvet. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulerte på denne måten, er også omfatta av løyvet så langt opplysningar om slike utslepp kom fram i samband med saksbehandlinga, eller må reknast for å ha vore kjende på annan måte då vedtaket vart gjort.

2.2 Plikt til å redusere forureining så langt som mogeleg

All forureining frå verksemda, medrekna utslepp til luft og vatn, støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar verksemda å redusere utsleppa sine, medrekna støy, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom vilkår i dette løyvet.

2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal verksemda sørge for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

2.4 Tiltak ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal verksemda så langt det er mogleg utan urimelege kostnader setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren. Om nødvendig må verksemda redusere eller innstille drifta.

Tiltakshavar skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om unormale tilhøve som har eller kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal i tillegg varslast i samsvar med vilkår 3.3.



2.5 Miljøriskovurdering av anleggsarbeida

Dette løyvets vilkår er basert på dei miljøriskovurderingane som er utført i samband med reguleringsplanen og søknad om løyve etter forureiningslova og dei forslag til avbøtande tiltak som er omsøkte for å redusere fare for forureining til eit akseptabelt nivå.

Verksemda plikter å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. Ved endra forhold skal miljøriskovurderinga oppdaterast. Resultata skal vurderast opp mot akseptabel miljørisiko.

Med utgangspunkt i risikovurderinga skal verksemda iverksette risikoreduserande tiltak. Både sannsyn- og konsekvensreduserande tiltak skal vurderast. Tiltakshavar skal ha ein oppdatert plan over risikoreduserande tiltak, og sikre at tiltak herifrå vert innarbeida og gjennomført. Oppdatert ytemiljøplan/miljøoppfølgingsplan basert på tilsvarande hos valte entreprenørar skal sendast Statsforvaltaren før oppstart.

Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til akutt forureining følgjer av vilkår 3.3

2.6 Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for å sikre og dokumentere at vilkåra i dette løyvet vert stetta. Tiltakshavar pliktar å ha oversikt over alle aktivitetar som kan medføre forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Tiltakshavar pliktar vidare å orientere vedkommande som skal gjennomføre tiltaka om de vilkår som gjelder, samt de restriksjonar som er lagt på arbeidet.

2.7 Erstatningsansvar

Sjølv om løyve er gitt, pliktar den som forårsakar forureining eller annan type skade å svare for erstatning som måtte følge av alminnelege erstatningsreglar.

2.8 Sakshandsaming etter anna lovverk

Dette løyvet fritenk ikkje for handsaming etter anna lovverk som er relevant i saka. Dersom deponiområda blir lagt i bekk og/eller vassdrag må det søkjast om løyve¹ til tiltak i vassdrag.

3 Internkontroll, beredskapsplan og akutt forureining

3.1 Internkontroll

Tiltakshavar pliktar å etablere internkontroll for verksemda si i medhald til internkontrollforskrifta². Internkontrollen skal blant anna sikre og dokumentere at tiltakshavar stettar krava i dette løyvet, forureiningslova, produktkontrolllova³ og andre relevante forskrifter til desse lovene. Tiltakshavar plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Når ein tiltakshavar som oppdragsgivar engasjerer oppdragstakar (entreprenør eller lignande) til å utføre oppgåver på tiltakshavars anlegg, skal oppdragsgivar sørge for at oppdragstakar er kjent med og har internkontrollsystem i tråd med løyvets vilkår.

¹ Forskrift om fysiske tiltak i vassdrag FOR-2004-11-15-1468

² Systematisk helse -, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter – forskrift av 06.12.1996 nr 1127 (internkontrollforskriften)

³ Produktkontrollloven av 11.06.1979 nr 79



Tiltakshavar plikter alltid å ha oversikt over alle aktivitetar og forhold som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risiko. På basis av miljørisikoanalyse skal tiltakshavar sette i verk miljørisikoreduserande tiltak.

3.2 Beredskapsplan

Den ansvarlege skal sørge for å ha ein nødvendig beredskap for å hindre, oppdage, stanse, fjerne og avgrense påverknad av akutt forureining for si verksemd, jf. forureiningslova § 40. Beredskap skal stå i et rimeleg forhold til sannsyn for akutt forureining og omfanget av skadane og ulempene som kan inntreffe. Beredskapsplikta inkluderer også utstyr og kompetanse til å fjerne og avgrense verknaden av forureininga.

Tiltakshavar skal utarbeide beredskapsplan for tiltaket. Ved endra forhold skal beredskapsplanen oppdaterast. Beredskapsplanen skal vere tilgjengeleg og kjent for dei som utfører arbeid der akutte hendingar i flg. planen, kan oppstå.

3.3 Varsling om akutt forureining

Ved akutt forureining eller fare for akutt forureining som følge av tiltaket, skal den ansvarlege straks varsle på telefon 110, etter Forskrift om varsling av akutt forureining eller fare for akutt forureining fastsett av Miljøverndepartementet 9. juli 1992. Statsforvaltaren skal også varslast.

4 Utslepp til vatn

4.1 Reinsing av utslepp

Verksemda skal etablere reinseløysningar og avbøtande tiltak for å redusere utslepp av partiklar, partikkelbunden forureining og olje slik at det ikkje fører til skade eller ulempe for miljøet, jamfør dei fastsette grenseverdiane i vilkår 4.3.

Reinseløysningar skal dimensjonerast basert på best tilgjengeleg fagkunnskap og teknikk. Reinseanlegga skal vere dimensjonert for maksimal reell vassmengd og tilstrekkeleg opphaldstid, og de skal ha tilfredsstillande sikring mot akuttutslepp. Ekstreme vêrforhold må vere inkludert i risikovurderinga og beredskapsplanen. Dokumentasjon om dimensjonering av reinseanlegget skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndigheitene.

Utslepp av olje, smørefeitt og drivstoff i større omfang vil vere knytt til uhell/lekkasjar på maskiner og utstyr under anleggsarbeidet. Det skal etablerast rutinar for påfylling av drivstoff, vedlikehald av maskinpark m.m. med formål å redusere forureining til grunn og resipient. Ved eventuelle punktutslepp av olje, drivstoff, smørefeitt eller annet skal mest mogleg samlast opp. Absorbentar skal vere tilgjengeleg der slik forureining kan oppstå. Maskiner skal ikkje vaskast i nærleiken av resipientar eller i områder som ikkje er tilrettelagt for vask. Vaskeplassar skal ha tett dekke og oljeutskiljar, og tilfredsstillende utsleppskrava i vilkår 4.3.

4.2 Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg

Det skal utarbeidast drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga. Bassengene skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig opphaldstid alltid overhaldast. Kritisk slamnivå som sikrar anleggets funksjon skal merkes og vere synleg, det skal også vere mogleg å måle slamnivå i bassenget. Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegga skal kunne vises fram ved ein eventuell kontroll.



Det må først jamleg kontroll med reinseanlegga/reinseløysningane. Desse må tømmast og reingjerast ved behov. Det skal utarbeidast og settast i verk eit kontrollprogram med tilhøyrande skriftlege internkontrollrutinar og driftsinstrukser m.m. for å følgje opp drift av reinseanlegg i anleggsperioden. Rutinane må som eit minimum skildre:

- Drifts- og tømmerutinar for reinseanlegg. Basseng skal rutinemessig tømmast for sand, olje og slam slik at nødvendig opphaldstid til ei kvar tid vert halde
- Visuell inspeksjon av reinseanlegg og visuell kontroll av resipient
- Avvikshandtering av forhold som gjeld uønskt ytre miljøhendingar som har betydning for drift av reinseanlegg, sedimenteringsbasseng m.m.
- Prøvetaking slik at krava til utslipp frå reinseanlegga/reinseløysningane vert haldne

4.3 Utslepp av tunnelvatn, anleggsvatn og avrenning frå deponiområder

Tunnelvatn omfattar innlekkasjevann og vatn frå boring/driving av tunnel. Anleggsvatn er vatn frå riggområder/vaskeplass, dagsone, og deponiområder. Grenseverdier for utslipp skal overhaldast for alt utslippsvatn i heile anleggsperioden. Grenseverdiene gjeld for reinsa tunnel- og anleggsvann, og prøvene skal tas ved utløpet til reinseanlegget i periodar der det føregår utslipp.

Tabell 1. Oversikt over parameter, utslippsgrensar, og prøvetakingsfrekvens.

Parameter	Grenseverdi: Sidebekker og Histeinselva	Storelva og Seljestadelva	Prøvetaking
Suspendert stoff (SS)	50 mg/l	100 mg/l	Stikkprøve kvar veke
pH	6 – 8,5	6 – 8,5	Kontinuerlege målingar
Olje/THC	5 mg/L	5 mg/l	Stikkprøve kvar veke
Turbiditet	Alarmgrense skal etablerast på bakgrunn av lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet	Alarmgrense skal etablerast på bakgrunn av lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet	Kontinuerlege målingar
Vassmengde	Ingen grense, men krav om måling for å sikre tilstrekkeleg opphaldstid og dimensjonering av reinseanlegg	Ingen grense, men krav om måling for å sikre tilstrekkeleg opphaldstid og dimensjonering av reinseanlegg	Kontinuerlege målingar

Midlingstider og prøvemetode beskrivast i måleprogram, jf. vilkår 5.



5 Utsleppskontroll

5.1 Reinsing av utslepp

Verksemda skal utarbeide eit måleprogram som inneheld dei parameterane som er nemnt i vilkår 4.3. Sidan akkreditert metode for suspendert stoff må baserast på stikkprøvar, skal utsleppet også målast kontinuerleg for turbiditet. Måleprogrammet skal beskrive metode for å etablere ein samanheng mellom suspendert stoff og turbiditet, forslag til midlingstider og alarmgrenser m.m. Når det er etablert ein lineær samanheng mellom prøveresultat for suspendert stoff og turbiditet, så kan målingane baserast på turbiditet med alarmgrenser og midlingstider. Forslag til dette skal beskrivast i måleprogrammet. Målingar skal utførast slik at dei er representative for verksemdas faktiske utslepp. Dersom turbiditeten overstig alarmgrensa for utsleppspunkta, skal utsleppet stansast, årsaksforhold avklarast og nødvendige avbøtande tiltak settast i verk. Det same gjeld ved overskriding av grenseverdi for pH.

Prøvetaking skal utførast av kvalifiserte personar med nødvendig kompetanse. Prøvetaking og analyse skal utførast etter Norsk Standard (NS), og laboratoriet skal vere akkreditert for analysane.

Måleprogrammet skal beskrive både prøvetaking, analyse og/eller berekning, av dette:

- Prøvetakings- og analysemetode.
- Val av måleperioder/ - tidspunkt som gir representative prøver.
- Berekningsmodeller og utsleppsfaktorar som nyttas.
- Berekning av usikkerheit i målingane for rapporteringspliktige komponentar.

Verksemda er ansvarleg for at metodar og utføring er forsvarleg kvalitetssikra, blant anna ved å:

- Utføre målingane etter norsk standard. Dersom det ikkje finnes, kan internasjonal eller utanlandsk standard nyttas. Statsforvaltaren kan etter søknad akseptere at annan metode blir brukt, dersom verksemda kan dokumentere at den er meir formålstenleg.
- Bruke akkrediterte laboratorium/tenester når prøvetaking og analyse utførast av eksterne.
- Kvalitetssikre egne analyser ved bruk av ringtestar.
- Kvalitetssikre egne målingar jamleg ved verifisering av uavhengig tredjepart.
- Redusere usikkerheita ved målingane mest mogleg

Verksemda skal ta vare på alle prøveresultata og anna dokumentasjon frå utsleppskontrollen. Opplysningane skal vere tilgjengeleg ved kontroll eller førespurnad frå forureiningsmyndigheitene, jf. forureiningslova § 50.

6 Særskilte vilkår for etablering av massedeponi på Seljestad og veganlegg på Liamyrane

6.1 Generelt

Etablering av permanent massedeponi skal utførast i samsvar med gjeldande reguleringsplan.

Tillaten mengde sprengstein i permanent massedeponi Seljestad og Liamyrane er hhv. 600 000 m³ og 520 000 m³ sprengstein, innanfor regulert område.



6.2 Massar som kan plasserast i deponi og veganlegg

Det er berre tillate å nytte sprengstein som vert teken ut i samband med bygging av E134 Røldal med mindre anna er avtale med kommune/Statsforvaltar.

Massane skal ikkje innehalde forureiningsstoff som overskrid normverdiar for forureina grunn i vedlegg 1 til forureiningsforskrifta kapittel 2. Dersom massane har naturleg høge bakgrunnsverdier samanlikna med normverdiar for forureina grunn, skal det gjennomførast risikovurdering og dokumenterast at massane sitt utlekkingspotensial ikkje er skadeleg eller til ulempe for miljøet. Det er heller ikkje tillate å bruke steinmassar som dannar syre eller andre stoff som kan føre til forureining ved kontakt med vatn og/eller luft.

Innhaldet av plast i sprengsteinsmassane skal reduserast mest mogleg og ikkje vere skjemmande for omgjevnadene. Det skal setjast i verk effektive tiltak for oppsamling av eventuelle plastrestar, skyteleidningar, sprengtråd og liknande.

Det er ikkje tillate å deponere avfall som til dømes betong, betongslam, asfalt, slam frå reinseanlegg osv. i deponia.

6.3 Mottakskontroll

Det skal gjennomførast kontroll av sprengsteinen som vert teken imot. Mottakskontrollen skal sikre at massane som vert deponert oppfyller krava som er fastsette i løyvet. Det skal etablerast system som sikrar og dokumenterer at massane kjem frå dei prosjekta det er gjeve løyve til å ta imot massar frå. Slike rutinar skal vere ein del av internkontrollen for prosjektet, jf. vilkår 3.1. Ved mottak av massar som ikkje er tillatne å deponere, skal desse massane avvisast. All avvising av massar eller avfall skal loggførast.

6.4 Bruk av massedeponi Seljestad og veganlegg Liamyrane til mellomlagring av lett forureina masser

Deler av massedeponiet/veganlegget kan brukast til mellomlagring av lett forureina tunnelmassar som oppstår i prosjektet, som til dømes botnreinskemassar, massar som er mistenkte for å vere forureina, og massar nemnde sist i vilkår 6.2. Mellomlagring av forureina jord-/steinmassar frå dagsone er regulert på tilsvarande vis i tiltaksplan for forureina grunn godkjend av Ullensvang kommune. Dersom det vert funne massar som kjem inn under kategorien farleg avfall, gjeld vilkår 8.2.

- Det skal vere tydeleg merka kvar massane kjem frå, og massar med ulik grad av forureining skal ikkje blandast. Det er ikkje tillate å fortynne forureina massar ved å blande dei med mindre forureina massar.
- Forureina massar skal lagrast på ei plan flate med fast dekke.
- Ved nedbør skal det setjast i verk tiltak for å hindre auka avrenning, til dømes ved å leggje presenning over massane.
- Ved lagring av våte massar bør det byggjast opp vollar av absorberande materiale (bark, steinmjøl, sand o.l.) rundt dei mellomlagra massane for å hindre avrenning. Dette er òg relevant ved mykje nedbør.
- Ved tørt vêr kan det vere behov for lett vassprøyting eller tildekking for å hindre spreining av forureining som støv frå massane.



6.5 Oppfylling, drift og avslutning av massedeponi

Drift av massedeponiet skal skje etter føresegnene i gjeldende reguleringsplan for tiltaket. Det vert vist til reguleringsføresegn 3.4.4, som bla. set krav om at deponiområdet skal tilbakeførast til utmarksterreng og revegeterast med stadeigen vegetasjon.

7 Kjemikal

Med kjemikal meiner vi her kjemiske stoff og stoffblandingar som vert brukte i tiltakshavar, både som råstoff i prosess og som hjelpekjemikal. Slike kjemikal kan til dømes vere groehindrande middel, vaskemiddel, hydraulikkvæsker og middel brukte for å hindre brann.

For kjemikal som vert brukte på ein slike måte at det kan føre til fare for forureining, skal tiltakshavar dokumentere at ho har gjort ei vurdering av helse- og miljøeigenskapar til kjemikala på bakgrunn av testing eller annan relevant dokumentasjon. Se også vilkår 3.1 om internkontroll.

Tiltakshavar pliktar å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikal. Tiltakshavar skal gjere ei kontinuerleg vurdering av faren for skadelege effektar på helse og miljø valda av dei kjemikala som vert brukte, og av om alternativ finst. Skadelege effektar knytte til produksjon, bruk og endeleg disponering av produktet skal vurderast. Der betre alternativ finst, pliktar tiltakshavar å bruke desse så langt dette kan gå føre seg utan urimeleg kostnad eller ulempe⁴.

Stoff åleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje framstillast og seljast, eller bli brukte utan at dei oppfyller krava i REACH-regelverket⁵ og andre regelverk som gjeld for kjemikal.

8 Avfall

8.1 Generelle krav

Verksemda pliktar så langt det er mogleg utan urimelege kostnader eller ulemper å unngå at det blir danna avfall som følgje av tiltaka. Særleg skal innhald av skadelege stoff i avfallet avgrensast mest mogeleg. Kystverket pliktar å sjå til at all handtering av avfall, under dette gjenvinning, blir utført i samsvar med gjeldande regler fastsett i eller i medhald av forureiningslova og avfallsforskrifta.

8.2 Handtering av farleg avfall

Verksemda skal handtere farleg avfall i tråd med avfallsforskrifta kapittel 11 om farleg avfall.

Farleg avfall som blir lagra i påvente av levering/henting skal lagrast slik måte at det ikkje fører til avrenning til grunn, overflatevatn eller avløpsnett. Lagra farleg avfall skal vere merka og skal ikkje blandast saman med anna avfall. Lagring skal skje i tett container eller under tak på fast dekke. Lageret skal vere sikra mot uvedkommande.

Farleg avfall skal leverast vidare til godkjend mottak eller behandlingsanlegg minst ein gang per år. Farleg avfall skal deklarerast på www.avfallsdeklarerer.no.

⁴ Jf. lov om kontroll med produkt og forbrukertjenester (produktkontrolllova) av 11.06.1979, nr. 79, om substitusjonsplikt § 3a

⁵ Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30. mai 2008, nr. 516



8.3 Handtering av slam frå reinseanlegg

Slam frå reinseanlegg frå tunnel vert rekna som næringsavfall som skal handterast i tråd med forureiningslova § 32. Det skal takast prøvar av slammet. Dersom analyser viser at konsentrasjonen av helse- og/eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiane gitt i forureiningsforskrifta kapittel, vedlegg 1, så kan massane disponerast i tråd med Miljødirektoratets rettleiar⁶ M-1243. Dersom innhaldet over normverdiane, skal massane leverast til lovleg avfallsanlegg.

8.4 Plast

Det skal gjerast tiltak for å avgrense tilførsel av plast til naturen. Det skal veljast dei tekniske løysingane som i størst mogeleg grad minimerer mengda plastavfall frå tiltaket. Det skal gjennomførast opprydding av plast og annet avfall undervegs og i etterkant av tiltaket ved tiltaksområdet og nærliggande områder. Rutinar for dette skal føreligge skriftleg. Oppsamla avfall skal leverast til lovleg avfallsmottak.

9 Kontroll- og overvaksingsplan

9.1 Plan for kontroll og overvaking

Det skal utarbeidast ein kontroll- og overvaksingsplan for tiltaket. Planen må ha tilstrekkeleg omfang til å avdekke spreiding av forureining frå tiltaket, medrekna kontroll med spreiding av partiklar og plast. Kontroll- og overvaksingsplanen skal avdekke eventuelle negative påverknader på naturmiljøet frå anleggsarbeidet. Planen skal oppdaterast i tråd med løyve, entreprenørs anleggsplan, reviderte risikovurderingar og plan for avbøtande tiltak når entreprenør har prosjektert arbeida.

Kontroll- og overvaksingsplanen skal sikre at vilkåra i løyvet vert stetta. Den ferdige kontroll- og overvaksingsplanen sendes til Statsforvaltaren i forkant av anleggsstart.

9.2 Førebyggjande tiltak

På basis av miljørisikoanalysen skal verksemda, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, sette i verk dei tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere miljørisikoen. Dette gjeld både sannsynsreduserande og konsekvensreduserande tiltak. Verksemda skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

9.3 Overvaking i samsvar med vassforskrifta

Tiltakshavar skal utarbeide eit overvaksingsprogram som er i samsvar med krava i vassforskrifta og som er tilstrekkeleg for å dokumentere at krava i dette løyvet vert stetta. Dette inneber overvaking før, under og etter gjennomføringa av tiltaket.

For å dokumentere vasskvaliteten i vassdrag som kan påverka av tiltaka skal byggherre vere ansvarleg for overvaking i resipientane. Overvaking av resipientane skal føregå slik som skildra i søknaden⁷ kapittel 8.1.2, med kontinuerleg overvaking av turbiditet og prøvetaking av parameter oppgitt i tabell 2.

⁶ Mellomlagring og sluttdisponering av jord- og steinmasser som ikke er forurenset. Miljødirektoratet M-1243/2018

⁶ Problemer med plast i sjø ved utfylling av sprengstein i sjø. Miljødirektoratet M-1085/2018

⁷ E134 Rødal-Seljestad – Søknad om anleggstillatelse etter forurensningsloven



Tabell 2. Oversikt over prøveparameter og frekvens av prøvetaking

Parameter	Prøvetakingsfrekvens (må justeres etter vær/klima)	Grunnlag for prøvetaking
Turbiditet	12 x år (månedlig)	Karakterisering
Farge (humus)	12 x år (månedlig)	Karakterisering
Kalsium	12 x år (månedlig)	Karakterisering
Tot-P	12 x år (månedlig)	Økologisk tilstand
Tot-N	12 x år (månedlig)	Økologisk tilstand
Bunndyr	3 x år - Vår (mai), Sommer (juli/august), sen høst (oktober)	Økologisk tilstand
Påvekstlger	1 x år - Sen sommer (august/september)	Økologisk tilstand
Metaller: As, Pb, Cd, Cu, Cr, Hg, Ni, Zn	12 x år (månedlig)	Prioriterte stoffer og vannregionspesifikke stoffer / mulig påvirkningsstoffer fra anlegg og drift av vei
Suspendert stoff	12 x år (månedlig)	Påvirkningsstoffer fra anlegg
pH	12 x år (månedlig)	Påvirkningsstoffer fra anlegg
Ammonium	12 x år (månedlig)	Påvirkningsstoffer fra anlegg
Nitrat	12 x år (månedlig)	Påvirkningsstoffer fra anlegg
Olje/THC	12 x år (månedlig)	Påvirkningsstoffer fra anlegg

Overvakingsdata skal registrerast i databasen Vannmiljø (<http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/>) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Data blir rapporterte i Vannmiljø sitt importformat. Importmalen og ei oversikt over kva informasjon som skal registrerast i samsvar med Vannmiljø sitt kodeverk finn du på <http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no>.

10 Rapportering og dokumentasjon

10.1 Rapportering før oppstart

Før anleggsarbeida startar opp skal verksemda sende følgande dokumentasjon til Statsforvaltaren:

- Metode for reinsing av tunnel- og anleggsvatn når entreprenør er valt.
- [Detaljert informasjon om dimensjonering, verkemåte og driftsrutinar for reinsing av avrenning frå massedeponia](#)
- Måleprogram, jf. vilkår 5
- Kontroll- og overvakingsplan, jf. vilkår 8.1

10.2 Årsrapport

Verksemda skal 1 gong årleg sende ein kort statusrapport med data frå kontroll- og overvakingsprogrammet og eventuelle avvik knytt til anleggsarbeida. Krav om årsrapport rapportering kan tas ut, i samråd med Statsforvaltaren, dersom det over tid ikkje er vesentlege avvik som nemnd ovanfor.

10.3 Sluttrapport

Det skal sendast inn sluttrapport frå arbeida innan seks månader etter at anleggsarbeida er avslutta. Rapporten skal oppsummera anleggsarbeida, og skal innehalde følgande:

- Skildring av gjennomføringa av tiltaket
- Resultat frå utleppskontroll
- Samla omtale og dokumentasjon på effekt av avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindre forureining



- Oversikt over uønskete hendinger, merknader og ei skildring av eventuelle avbøtande tiltak som er gjennomførte for å hindra uheldig påverknad på omgjevnadene.
- Dokumentasjon av levering av eventuelt avfall.

11 Tilsyn

Bedrifta pliktar å la representantar for Statsforvaltaren eller andre som har styresmakt, føre tilsyn med verksemda til ei kvar tid.